



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for samfunnsutvikling	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Ny felles gebyrforskrift for vatn og avløp i sjustjerna

Samandrag:

Saka gjeld vedtak av felles gebyrforskrift for vatn og avløp i samarbeid med seks andre kommunar i Sjustjerna. Føremålet med felles gebyrforskrift er å sikre meir einsarta praksis, betre samarbeid og redusere sårbarheit i forvaltninga.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til felles gebyrforskrift for vatn og avløp ut på høyring, slik det ligg føre i vedlegg 1.

Tidlegare gebyrforskrift i **Forskrift for vann- og avløpsgebyr, Herøy kommune, Møre og Romsdal** gjeld fram til endeleg vedtak.

Vedlegg:

Forslag til ny gebyrforskrift for avløp i sjustjerna
Gjeldane forskrift om avløpsgebyr Herøy kommune

Saksopplysningar:**Bakgrunn**

Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider stadig tettare innan fleire område knytte til vatn og avløp. Det er etablert ei faggruppe for fakturering av kommunale avgifter. Grappa arbeider med problemstillingar knytte til mellom anna terminoppsett, varelister, fakturering av sameige og burettslag, eigedomsskatt og tekniske løysingar.

Dagens situasjon

Alle kommunane i Sjustjerna nyttar i dag KOMTEK som faktureringssystem. Systemet er levert av Norkart og er installert lokalt hjå SSIKT. Norkart har varsla at dei vil avvikle drift av lokalt installerte løysingar ved overgangen frå 2026 til 2027. På bakgrunn av dette har SSIKT fått i oppdrag å lyse ut konkurranse for anskaffing av nytt system.

Kompetansen knytt til fakturering og bruk av systemet er i stor grad samla hos ein skilde personar i kvar kommune. Dette gjer tenesta sårbar ved sjukdom eller anna fråvær. Systemet vert nytta til fakturering av eigedomsskatt og kommunale gebyr som vatn, avløp og feiing. Det er store summar kommunen går glipp av dersom ein ikkje får fakturert disse gebyra.

Felles gebyrforskrift

Etablering av ei felles gebyrforskrift vil leggje til rette for tettare samarbeid mellom kommunane. Med likelydande reglar vil det vere enklare å bistå kvarandre, både ved fråvær og i enkeltsaker.

Rettsleg grunnlag

Gebyrforskrifta er det rettslege grunnlaget for kommunen si innkrevjing av vatn- og avløpsgebyr, og er heimla i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg.

Gebyrregulativ

Sjølve gebyrsatsane vert fastsette årleg gjennom gebyrregulativet, normalt i samband med den ordinære budsjettbehandlinga i kommunestyret. Sjølv med ei felles forskrift vil gebyrsatsane kunne variere mellom kommunane.

Ikraftsetjing

Forskrifta er planlagt å tre i kraft frå 01.01.2027, føresetnad av vedtak i alle deltakande kommunar.

Høyring

I samsvar med forvaltningslova § 37 skal forslag til forskrift sendast på høyring før vedtak. Forslaget til felles gebyrforskrift har vore/vert sendt på høyring til relevante instansar og gjort offentleg tilgjengeleg. Eventuelle merknader frå høyringa vil bli vurdert før endeleg vedtak.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer det som føremålstenleg å etablere ei felles gebyrforskrift i samarbeid med dei andre kommunane i Sjustjerna. Dette vil bidra til meir einsarta praksis, redusere sårbarheit og leggje grunnlag for betre samarbeid.

Alle kommunane i samarbeidet nyttar Visma Momentum til utrekning av gebyra, og Momentum har òg bistått i arbeidet med å utarbeide den felles forskrifta. Dette har gitt eit godt fagleg grunnlag og bidrege til ei meir einsarta utforming av regelverket.

Ei felles forskrift vil òg forenkle administrasjon og saksbehandling, og gjere det lettare å handtere felles utfordringar framover.

Trond Arne Rossi Aglen	Fred Arnesen
Kommunedirektør	Avdelingsleiar anlegg og drift